



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/709-1

Sakshandsamar: Magne Sturød

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval		
Helse og sosialutval		
Landbruk, miljø og teknisk utval		
Administrasjonsutval		
Formannskap		
Eldreråd		
Kommunestyre		

Årsmelding og kommunerekneskap for 2024

Saksframlegg godkjent 25.05.2025.

Tone Lunde Skaalen
kst. kommunedirektør

Bakgrunn for saka

Årsmelding og kommunerekneskapen for 2024 blir med dette lagt fram til godkjenning. Driftsrekneskapen er gjort opp med eit netto negativt driftsresultat på kr 40,8 mill.

Saksutgreiing

Drift:

Netto negativt driftsresultat på kr 40,8 mill (negativt netto driftsresultat på 9,3%).

Frå disposisjonsfondet er det brukt 42,3 mill til å dekke underskotet. Det gjer at disposisjonsfondet er redusert med 31,3% i 2024.

Forklaring av underskotet i driftsresultatet:

Bruk av disposisjonsfond til utlån Dalen Mek AS	-17
Bruk av disposisjonsfond til nedbetaling av lån for Vest-Telemark museum	-3,8
Bruk av disposisjonsfond til andre konsekvensjusteringar og vedtak gjennom året	-6

Gang- og sykkelveg Vistadmoen - feilført i investeringsrekneskapen	-7,4
2022-2024 - flytt til driftsrekneskapen	
Generelt meirforbruk på planområda	-21,8
Meirinntekter, hovudsakleg frå kraft	11,5
Strykning av overføringar og avsetningar	3,7
Sum	-40,8

*) alle tall i mill.

Kommunedirektøren er uroa over det store generelle meireforbruk på planområda. Dei resterande postane er som følgje av vedtak, reglar mm.

Sjølv om ein no handsamar status i 2024, vil likevel kommunedirektøren peike på det totale bilde. Det er budsjettert underskot i 2025 på i overkant av 13 mill som skal dekkast frå disposisjonsfondet – som så vil gje ein ytterlegare reduksjon på 14% av disposisjonsfondet.

Investering:

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse med brutto kr 91,4 mill, med finansiering frå lån (60%), tilskot/refusjonar og momskompensasjon utgjer det meste av den siste delen.

Finans:

Renteutgiftene har auka med 4,9 mill og avdraga med 1,4 mill. frå 2023 til 2024. Det utgjer ein auke av finansutgiftene på 6,3 mill frå 2023 til 2024.

Me syner til årsmelding og kommunerekneskapen som ligg vedlagt, og til vedlegg vedkomande uttale frå kontrollutvalet og rapport frå revisjonen til kontrollutvalet.

Kommunedirektørens tilråding

1. Årsmelding og kommunerekneskapen for 2024 blir godkjent.
3. Revisors rapport til kontrollutvalet for årsrekneskapen 2024 blir teken til orientering.